

Er løysinga samanslåing?

Kommunenamn og rådhuset si plassering er ikkje problemet. For å få effekt av ei simpel samanslåing, må du legge ned noko.

Men kva sjukeheimplassar og skular skal vekk? Kor mange stillingar innan helse må du kutte for å få effekt?

Svaret gjev seg sjølv i ei samanslått og nedlagd kommune. Det blir sentralisering og mindre tenester som skal smørast tynnare utover. Deretter fører sentraliseringa til fråflytting på lang sikt. Trass i at alle arbeidar mot fråflytting.

På denne måten blir ei gamaldags samanslåing veldig ulogisk. Det løyser berre kommunedirektørane sine vanskelege jobbar om rekruttering og kommunal pengeknipe på kort sikt. Men politikken må vere langsiktig. Vi må tenke både i andre- og tredjekonsekvens.

I staden for å arbeide for sentralisering, bør vi arbeide for vidare vekst.

Hald fram samarbeidet

Hareid har 35 interkommunale samarbeid. Dette og meir til kan gjerast smartare. Metoden er nye måtar å samarbeide på.

Derfor brukar kommunane ein million kroner på eit samarbeidsprosjekt for å effektivisere og løyse ting felles. Stikkord i forarbeidet var t.d. klyngesamarbeid og den gamle maritime slageren “samarbeide når vi kan og konkurrere når vi må.”

Dette vart lovprisa av statsforvaltaren og alle kommunedirektørane, ordførarar og dei andre som bestilte samarbeidsrapporten. Denne vart presentert og velsigna i fjor, og vi skulle starte effektiviseringa i år og dei neste åra. Frå talarstolen vart det sagt at det skulle vere slutt på lite gjennomtenkte reformer frå forrige århundre.

Brått tek Høgre-kommunane Herøy, Sande og Ulstein ei *høgrerending* og gjer det motsette.

Med ønskje om ei god helg frå gruppeleiar Kristian Fuglseth i Folkelista for Hareid kommune

PS: Det kommunane treng er ei satsing og ikkje kutt for folk flest. Regjeringa sin politikk er ei seigpining av førstelinjene. Kommunane er i ferd med å forvitre. Alle forstår at det trengs fleire hender og ressursar til å ta seg av fleire eldre, familiar og barn som skal stå i mot ei stadig hardare verd. Det er dette vi må satse på. Satse på ungdom som vil ta kommunale jobbar og etablere seg også i dei passe store, men viktige lokalsamfunna. I slike lokalsamfunn trivst folk og der veks næringslivet.

Forskarar peikar på gode lokalsamfunn og lokal beredskap som eitt av Noregs viktigaste kort i ei utrygg verd der diplomatiet raknar og geopolitikken er i endring. Dei land som greier seg best i slike situasjonar, viser seg å ha mange gode lokalsamfunn i tette nettverk med ei statleg, demokratisk overbygning med høg grad av tillit mellom folk og styresmakter. Det betyr at det no er feil tidspunkt for pop-up reformer.